



# Årsmelding 2020

---

22.05.2021

---

**Øygarden brann og redning KF**

- I arbeid for eit branntrygt lokalsamfunn!



## Innhald

---

1.0 Innleiing.....	3
2.0 Styret.....	3
3.0 Samandrag .....	5
4.0 Brann- og redningssjefen sine kommentarar .....	6
5.0 Om føretaket.....	7
5.1    Organisering .....	7
5.2    Styret .....	7
5.3    Sentrale dokumenter .....	7
5.3.1    Vedtekter.....	7
5.3.3    Verksemdsplan .....	7
5.4    Administrasjonsavdeling .....	7
5.6    Førebyggjande avdeling .....	13
6.0 Økonomiske oversikter .....	16

## 1.0 Innleiing

Øygarden brann og redning KF er eit kommunalt føretak eigd av Øygarden kommune. Føretaket vart etablert som følgje av samanslåing av Fjell, Sund og Øygarden kommunar, som 01.01.2020 vart slått saman til Nye Øygarden kommune. Det er utarbeidd vedtekter og driftsavtale, og årleg vert det utarbeidd ei verksemdsplan for det komande året.

Brann- og redningstenesta var tidlegare organisert som eit interkommunalt selskap eigd av dei same tre kommunane. Det vart nokre utfordringar med formell stifting til 01.01.2020, så føretak vart difor først etablert med ny firmaattest per 01.03.2020. Rekneskapen gjeld difor for perioden mars til desember 2020. I perioden januar – februar vart rekneskapen framleis ført i IKS'et. Denne årsmeldinga tek berre føre seg tida frå føretaket vart etablert.

## 2.0 Styret

### Verksemda og styret

Øygarden brann og redning KF er eit kommunalt føretak. Føretaket si hovudoppgåve er å ta i vare eigarane sine behov, plikter og oppgåver slik dei er nedfelt i lov og forskrift vedk. brann- og redningsberedskap, brannførebyggjande arbeid, feiing og tilsyn med fyringsanlegg.

Styret gjennomførte fire møter i 2020, og har slik samansetting:

Medlem	Varamedlem	
Per Rune Eikeseth, (leiar)	Trygve Andreas Waage	1. vara
Elna Nybakk, (nestleiar)	Espen Cornell Jacobsen	2. vara
Åse Gunn Husebø	Silvia Haugland	3. vara
Terje Strandtun	Irene Nesse Vorland	4. vara
Børre Brekkvassmo (tilsett)	Remi Oen (tilsett)	vara for Børre Brekkvassmo

### Likestilling

Selskapets styre har 5 medlemmar. Herav 2 kvinner og 3 menn. 1 representant er vald av tilsette. Eigarane stettar kravet til kjønnsrepresentasjon. I føretaket er det tilsett ca. 3 % kvinner. Ved rekruttering til styret, utlysing av ledige stillingar, ved fastsetting av løn osv., legg føretaket vekt på at personar av begge kjønn skal handsamast likt. Føretaket ønskjer å rekruttere fleire kvinner til brann- og redningstenesta.

### Kort om økonomi

I 2020 vart det skifta ut to tankbilar og to mannskapsbilar. Samla investering var på om lag 14,3 mill inkl. mva. Føretaket vil ha eit framtidig behov for utskifting av fleire store bilar. Styret skal få framlegg til ny investeringsplan for behandling ila 2021. Planen vert sendt vidare til kommunestyret, som skal godkjenne investeringane og finansieringsmodell. Styret nytta til saman kr 1 125 000 til kjøp av utstyr (kr 475 000) og saldering av drifta (kr 650 000). Grunna manglande lokal forskrift i Øygarden kommune vart det eit stort meirforbruk i sjølvkostrekneskapen. Dette får også konsekvensar for den samla rekneskapen for ØBR, som da endar med eit meirforbruk på kr 1 232 098. I tillegg vert driftsfondet redusert til kr 0. Samla sett ser styret eit behov for å få tilført kr 1 692 045 (meirforbruket for sjølvkostrekneskapen), slik at det vert inndekking for meirforbruket for drifta og driftsfondet.

### Vegen vidare

Styret gjer merksam på at det iflg. driftsavtala mellom Øygarden brann og redning KF og Øygarden kommune årleg skal settast av midlar til fond i samband med budsjettbehandlinga i kommunestyret for det komande året. Dette skjedde ikkje i 2019 for driftsåret 2020, og er per nå heller ikkje gjort for driftsåret 2021.

Investeringsfond kan ikkje direkte nyttast til å saldere driftsbudsjettet, eller førast over til driftsfond. Styret ser med uro på den økonomiske utviklinga av driftsfond, og manglande moglegheit til å følgje opp vedteken brannokumentasjon. Driftsfondet er nå på kr 0., og brann- og redningstenesta har då i praksis ingen buffer for å handtere svingingar i drifta utover driftsbudsjettet.

### Kommentarar til § 14-7 i kommuneloven som gjeld årsmelding.

<b>§ 14-7 i kommuneloven. Gjeld årsmelding.</b>		<b>Øygarden brann og redning KF - kommentarar</b>
a)	<i>forhold som er viktige for å bedømme den økonomiske utviklingen og stillingen, og om den økonomiske utviklingen og stillingen ivaretar den økonomiske handleevnen over tid</i>	Dette er første året Øygarden brann og redning KF eksisterar. Det er difor berre årsrekneskapen som tilkjenner økonomiske tilhøve, da det ikke ligg føre historiske data for føretaket. Styret har likevel knytt nokre kommentarar til tilhøve kring fond.
b)	<i>vesentlige beløpsmessige avvik mellom årsbudsjettet og årsregnskapet, og vesentlige avvik fra kommunestyrets eller fylkestingets premisser for bruken av bevilgningene</i>	Konto 104010 Overtidsløn, var opphavleg budsjettert med overtid for heiltidstilsette. Dvs. overtid etter AML. Løn for deltidstilsette for utrykkingar er ført som overtid på konto 104010. Dette er ikke overtid etter AML. då våre deltidstilsette har stillingsstorleiker frå 4,2 til 7,1 %. Godtgjersla dei får ved ein aksjon vert betalt med overtidssats, men det er <u>ikkje</u> overtid. Truleg er det i lønssystemet blitt ført som overtid, fordi det har vært nytta overtidssats. Dette betyr også at 105010 Anna løn og trekkpliktig godtgjersle – tilsette, vert lågare, som følgje av føring på 104010 for aksjonar.
c)	<i>virksomhetens måloppnåelse og andre ikke-økonomiske forhold som er av vesentlig betydning for kommunen eller fylkeskommunen eller innbyggerne</i>	Informasjon om dette finn ein i kapittel for kvar avdeling.
d)	<i>tiltak som er iverksatt og tiltak som planlegges iverksatt for å sikre en høy etisk standard</i>	Øygarden brann og redning KF er ein del av Øygarden kommune og føl kommunen sine etiske retningslinjer.
e)	<i>den faktiske tilstanden når det gjelder kjønnslikestilling</i>	Kommentarar til dette går fram i årsmeldinga. Sjå elles under kapittel lenger over i dette kapittelet.
f)	<i>hva kommunen eller fylkeskommunen gjør for å oppfylle arbeidsgivers aktivitetsplikt etter likestillings- og diskrimineringsloven § 26.</i>	Øygarden brann og redning KF er ein del av Øygarden kommune og føl kommunen i dette arbeidet.



## 3.0 Samandrag

Første driftsår for Øygarden brann og redning KF er gjennomført. Førretaket var formelt sett ikkje etablert med ny firmaattest før 1. mars. Rekneskapsåret har difor vore på 10 månadar. Øygarden brann og redning KF er ein integrert del av Øygarden kommune, men til skilnad frå andre kommunale tenestemåder, rapporterer dagleg leiar til eit styret, som igjen svarar direkte til kommunestyret. Styret har mynde til å treffe avgjer i alle saker som gjeld førretaket og verksemda i førretaket.

Coronapandemien førte til strenge smittevernrutiner. Vi kjøpte inn særskilte verneutstyr, og laga beredskaps- og kontinuitetsplan. Det var og omlegging og innskrenking i drifta i store perioder av året. Kombinert med utfordringar med å få på plass styringssystemer gjorde 2020 til eit krevjande år. Døme på nye driftssystem det har vore arbeidd med i 2020; økonomistyring, avvikshandteringsverktøy, m.m.

Vi fekk også i 2020 ei oppgåve frå Kystverket med ytterlegare oppreinsking etter sekundærforureining i samband med KNM «Helge Ingstad» sitt havari 8. november 2018. Arbeidet var i same område som tidlegare (2019), men av noko mindre omfang. Det var også oppdrag for Equinor både med vakthald og opplæring.

Med ein aldrande bilpark følgjer det kostnader til reparasjonar og vedlikehald. Gleda var stor då vi seinhausten 2020 kunne ta i mot to ny mannskapsbilar og to nye tankbilar, til erstatning for dei gamle ved Dalsneset og Skogsskiftet brannstasjonar. Det vart og nytta fondsmidlar for kjøp av nytt frigjeringsverktøy, brannkle og batteridrivne vifter for ventilering av bygg.



To gamle og to nye tankbilar.

2020 var driftsår nr. 3 etter at brannokumentasjonen for Fjell, Sund og Øygarden kommunar vart godkjent i 2017. Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap har i brev av juli 2020 lagt til grunn at tiltaka i brannokumentasjonen er gjennomført. Dessverre er det ikkje slik. Vi ligg langt etter å sette i verk dei tiltak som er vedteken. Ei revisjon av dokumentet, grunna samanslåing av dei tre tidlegare kommunane, er påbegynt, men det vert truleg mindre endringar.

I mars gjennomførte Arbeidstilsynet tilsyn med Øygarden brann og redning KF. Det vart gjeve to pålegg.

- #1 Pålegg – HMS-arbeid – Kartlegging og risikovurdering
- #2 Pålegg – Kjemisk helsefare – plan med tiltak for å hindre/reducere kjemisk påverknad.

Pålegg #1 er lukka, mens pålegg #2 er ei omfattande oppgåve, som i hovudsak går på fysiske endringsbehov ved alle stasjonane. Det vert arbeidd vidare i 2021 med pålegg #2.

Kommunestyret godkjente finansiering av teknisk servicebygg sør, som vil innehalde nye Skogsskiftet brannstasjon. Dette er vi glade for, då behova for nye og større lokalar er påtrengjande. Også ei mogleighetsstudie for brannstasjonsløyning nord var godkjent for 2021. Her vil vi sjå på moglege løysingar for brannstasjonslokalar i nordre del av regionen. Det er og starta opp eit arbeid med å sjå på tilhøva ved Ågotnes brannstasjon, for å redusere kjemisk eksponering gjennom betre inndeling av rein og skitten sone.

Rekneskapsmessig meiforbruk er på kr 1 232 098 og driftsfond redusert til kr 0. Det vert lagt til grunn at dette vert kompensert grunna årsaka til meiforbruket, og tøming av driftsfondet.

Nærversprosenten for 2020 var på 96,3 %. Dette er eit godt resultat, sett opp mot dei oppgåver brann- og redningstenesta er sett til å utføre, og det omskiftelege året som 2020 har vore.

## 4.0 Brann- og redningssjefen sine kommentarar

---

Første driftsår for Øygarden brann og redning KF er over. Året har naturlegvis vore sterkt prega av Coronapandemien som sette sitt preg på tida frå og med medio mars 2020 og ut året. Det var mykje arbeid med å lage nye prosedyrar og retningslinjer, kjøpe inn utstyr og nye rutinar for bruk. Avgrensningar i drifta både for beredskap og førebyggjande avdelingar måtte også til. Det var eit lite pusterom midtvegs i året, men så kom det ein ny bølge til hausten igjen. Tidvis var det full nedstenging av stasjonane våre og berre tilsette fekk tilgong. Tal på kurs og anna opplæring, som førebyggjande avdeling normalt held på med, vart markant redusert. Tilsyn med særskilde objekter var gjennomført digitalt, tilsyn med fyringsanlegg og feiing vart også i periodar stoppa opp. Bruken av heimekontor og tilsvarande løysingar vart innført. Ja, det er klart at vi var uroleg for å få smitte i beredskapsstyrken vår også. Heldigvis slapp vi unna dette.

Også i 2020 fekk vi ei bestilling frå Kystverket om oppreinsking etter sekundærforureining frå aksjonen etter KNM «Helge Ingstad» sitt havari. Fartøyet havarerte i november 2018, og ein oljevernaksjon vart gjennomført i perioden november 2018 til april 2019, samt oppreinsking av sekundærforureining sommaren 2019. Det var altså ein oppfølging etter dette, som var gjennomført sommaren 2020.

Etablering av Øygarden brann og redning KF var utfordrande. Vi måtte drifte Øygarden brann og redning IKS i to månader, og når vi fekk firmaattest for KF'et, starta formell drift av det nye føretaket i mars. Det har gått med mykje tid for å få på plass styringssystemer; tilgong til rekneskapsystem, verktøy for avvikshandtering og personalforvaltning, avklaring om bedriftshelseteneste, m.m. Eit eige avviklingsrekneskap for IKS' et var og laga.

Etter ein lang prosess fekk vi i slutten av 2020 endeleg levert fire nye brannbilar. Desse erstatta tilsvarande bilar ved Dalsneset og Skogsskiftet brannstasjonar. Bilgruppa har arbeidd godt, sjåførane har fått opplæring, og nokre få utvalde har fått ekstra god innføring i dei nye bilane. Levering av bilane var ei gledeleg hending i 2020, og eg håper bilane vil svare til våre forventningar, og at det skal gjere arbeidskvardagen betre for våre tilsette ved dei respektive stasjonane.

Arbeidstilsynet gjennomførte tilsyn med Øygarden brann og redning KF i mars. Vi fekk to pålegg. Eit vart lukka i 2020, men det siste går i all hovudsak på behov for fysiske endringar ved stasjonane våre, og krev lengre tid. Arbeidet helt fram i 2021.

Økonomisk sett har 2020 vore utfordrande. Mange ekstravakter og nokre få, men særskilt kostbare aksjonar, verkar sterkt inn på driftsresultatet. Så må vi ha med at styret gav grønt lys for nødvendig utskifting og komplettering av dyrt materiell; nytt frigjeringsverktøy, batteridrivne vifter (for trykksetting av bygg), røykdykkarkle og skogbrannkjeledressar trekk vesentleg opp. Store delar av dette vart finansiert over driftsfondet på kr 475 000. I tillegg vart driftsbudsjettet for 2020 saldert med kr 650 000 frå driftsfondet direkte, for få budsjettet i balanse ved årsstart. Driftsavtalen mellom Øygarden kommune og Øygarden brann og redning KF, legg til grunn at det i tillegg til ordinære driftsoverføringar, skal settast av midlar til fond. Desse skal kome i tillegg til driftsoverføringane. Dette skjedde ikkje for driftsåret 2020, og er per nå heller ikkje lagt inn for 2021. Eit driftsfond skal m.a. brukast til å dekkje inn svingingar i drifta, t.d. eit meirforbruk og større utskiftingar av materiell o.a. Grunna manlande lokal forskrift om feie- og tilsynsgebyr for Øygarden kommune, vart årsresultatet eit meirforbruk på kr 1 232 089, samt at driftsfondet vert tømt Grunna årsaka til både meirforbruket og tøminga av driftsfondet, legg eg til grunn at dette vert kompensert for å trygge drifta for 2022.

Takk til våre tilsette for godt samarbeid i eit utfordrande første år som Øygarden brann og redning KF.

22.05.2021

Bjørn Olav Paulsen

brann- og redningssjef

## 5.0 Om føretaket

---

### 5.1 Organisering

Føretaket er bygd opp med eige styre, som rapporterer direkte til kommunestyret. Dagleg leiar rapporterer til styreleiar. Brann- og redningstenesta er vidare inndelt i administrasjonsavdeling, beredskapsavdeling og førebyggjande avdeling. Føretaket har om lag 70 heil- og deltidstilsette. Regionen har tre brannstasjonar; Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. Hovudstasjonen ligg på Ågotnes der også administrasjonen held til.

### 5.2 Styret

Føretaket sitt styre skal bestå av 5 medleamar og 5 varamedleamar, med numerisk varamedlem. Unntak er medlemmet som er vald av og blant tilsette, som har personleg vara,

Styret vert vald av kommunestyret etter følgjande reglar:

- 4 medleamar og 4 varamedleamar vert vald blant kommunestyret sine medleamar eller andre innbyggjarar i kommunen, som kommunestyret vil føreslå
- 1 medlem med varamedlem vert vald blant dei tilsette etter forslag frå organisasjonane

Frå § 8, 4. ledd i vedtektene for føretaket, går det fram at styret skal sjå til at drifta er i samsvar med gjeldande brandokumentasjon, og skal presentere verksemdsplanen for kommunestyret.

### 5.3 Sentrale dokumenter

#### 5.3.1 Vedtekter

Det er utarbeidd vedtekter for føretaket. Dei regulerer den formelle overbygginga og klargjer formål og oppgåver, samansetting av, og oppgåver for, styret o.a.

#### 5.3.2 Driftsavtale

Øygarden kommune og Øygarden brann og redning KF har også ei driftsavtale. Denne avtalen er meir konkret og seier noko om tenesteproduksjon, økonomi, støttetjenester m.m.

#### 5.3.3 Verksemdsplan

Føretaket skal utarbeide ein verksemdsplan. Den skal fungere som ein overordna driftsplan for føretaket. Planen har kort til mellom lang tidshorisont. Typisk 1 – 4 år. Krav til å utarbeide ein verksemdsplan finn vi i pkt. 3.1 i driftsavtalen.

## 5.4 Administrasjonsavdeling

### Organisasjonsendring

2020 vart eit spesielt år, med store utfordringar knytt til etablering av av det kommunale føretaket og tilknytning til andre kommunale støttefunksjonar. Den formelle avviklinga av Øygarden brann og redning IKS pågjekk også heile året. Dei første to månadane måtte ein framleis drifte IKS'et, men i slutten av februar fekk vi ny firmaattest for føretaket. Frå og med 1. mars var difor Øygarden brann og redning KF formelt sett i drift.

Avviklingsrekneskapen for IKS'et var ikkje klar før rett før jul, og vart difor ikkje behandla i 2020. Rekneskapen vert lagt fram for avviklingsstyret for IKS'et, og går så vidare til kommunestyret for vedtak. Avviklingsrekneskapen vise eit meirforbruk på kr 150 878, som vert dekt over driftsfond.

## Coroanpandemien

Då landet vart råka av Coronapandemien i mars 2020, måtte vi innføre ei rekkje tiltak. Det var utarbeidd nye prosedyrar, retninglinjer, særskilde smittevern vurderingar og beredskap- og kontinuitetsplan. Smittevernutstyr vart kjøpt inn (maskar, vernebrille, hanskar, eingångsdressar, desinifiseringsutstyr) til bruk i operativ samanheng. Særleg ved First-Responder utkall. Stasjonane vart stengde ned, med berre tilkomst for tilsette og andre med særskildt løyve. Ved alle stasjonar vart det montert desinifiseringsautomatar for bruk når ein kjem og når ein forlet stasjonane. I periodar var det også klare begrensingar for kva eksterne tenester vi utførte. Fleire smittevurderingar vart utarbeidd i perioden mars – august. Etter kvart vart det noko enklare regulering i tilkomst til stasjonane, og opp mot normalisering av drifta. På hausten vart det på nytt innstrammingar.



## Internkontroll og bedriftshelseteneste

Det var gjennomført ein internrevisjon og leiinga si gjennomgang. Dette var med fokus på det internkontrollsystem, som følgde med frå IKS-modellen. I 2021 vert det ein større gjennomgang av systemet for å tilpasse dette til tilsvarande system i Øygarden kommune.

Øygarden brann og redning KF opprettheldt avtalen med Salutis som leverandør av bedriftshelsetenester, men i slutten av året starta arbeidet med tilnærning til vår (og Øygarden kommune) sin leverandør – Avonova Norge. Vårt avviks- og fråversverktøy – Stamina, var og opprettheldt i 2020, men også her tok vi i bruk Øygarden kommune sitt nye system – Compilo i slutten av året.

## Tilsyn frå Arbeidstilsynet

Rett før pandemien førte til stor nedstenging av Noreg medio mars, fekk vi tilsyn frå Arbeidstilsynet. Øygarden brann og redning KF fekk to avvik.

- #1 Pålegg – HMS-arbeid – kartlegging og risikovurdering
- #2 Pålegg – Kjemisk helsefare – plan med tiltak for å hindre/reduere kjemisk eksponering.

Frist for tilbakemelding var 02.11.2020. Tilbakemelding vart sendt 30.10.2020.

23.12.2020 fekk vi svar om at pålegg #1 var lukka. Pålegg #2 derimot går særleg på tilhøve med rein/skitten sone i brannstasjonane, og dette er eit pålegg som tek tid å lukke.

- Dalsneset brannstasjon: Kommunestyret bevilga kr 0,5 mill til ein moglegheitsstudie for brannstasjonsløyving nord – Dalsneset. I tillegg må vi sjå på nokre enklare løysingar av meir mellombels karakter. Moglegheitsstudien vil gå føre 1. halvår 2021.
- Skogskiftet brannstasjon: Kommunestyret godkjente teknisk servicebygg Sør, der nye Skogskiftet brannstasjon vert ein del av bygget. Oppstart truleg 2. halvår 2021.
- Ågotnes brannstasjon: Her er det sett ned ein arbeidsgruppe som består av: avdelingsleiarane, ein representant for dei tilsette, verneombod ved stasjonen og personar frå Sambygg AS (byggeigar). Dei skal sjå på kva som kan gjerast for å gjere tilhøva for rein/skitten sone betre i bygget.
- Nye feie- og tilsynsbilar: Førebyggjande avdeling er også med i arbeidet med å sjå på betring av tilhøva ved Ågotnes brannstasjon, men når vi i 2021 skal skifte ut feie- og tilsynsbilar vil det vere sterk fokus på korleis bilane kan delast i rein/skitten sone. I tillegg skal feiarane ta i bruk eingongsdressar ved feiing.

## Nye møteplattformar

Bruken av Teams, som møteplattform, vart innført også hos oss. Teams har vore ein effektivisering av møter, fordi ein mellom anna fekk sterkt redusert bruken av reisetid, og totalt sett betre utnytting av arbeidstida. Så skal det og seiast at ikkje alt fungerer like godt med Teams-møter, men eit nyttig reiskap har det blitt. Det vert og behov for å etablere nye digitale løysingar ved alle stasjonar, slik at ein kan nyttiggjere seg denne møteforma på ein betre måte. For 2021 vert det difor behov for innkjøp av noko utstyr til stasjonane.



### Måloppnåing verksemdsplan 2020

Ein del tiltak har vore vanskeleg å nå pga. Coronapandemien, og utfordringar med etablering av KF'et og administrative funksjonar i Øygarden kommune. Det store bilete viser bra måloppnåing.

Inndeling	Mål for 2020 - administrasjonsavdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Styrke HR-arbeidet, gjennom gode og formålstenlege avtaler med kommunen, og intern kompetanse og kapasitet	Bare delvis oppnådd
Sentrale oppgåver	Bistå beredskaps- og førebyggjande avdeling med merkantile oppgåver, og personal- og hmsrelaterte problemstillingar	Utført
	Saksbehandling og utsending av saker for styret	Utført
	Administrere heimeside på internett og eiga intranett	Utført. Berre avgrensa eiga intranettløyising
	Føring av post, arkiv, fråver, ferieplanar, o.l.	Utført
	Kontaktpunkt opp mot bedriftshelsetenesta	Utført, men vilkår og opplegg med ny BHT ikkje heilt i mål
	Budsjettarbeid og årsmelding	Utført
	Statusrapportering til styret	Utført
	Kontaktpunkt mot Øygarden kommune i beredskaps- og ROS-relaterte spørsmål	Utført, men lite aktivitet
	Oppfølging og revisjon av interne reglement, retningsliner, arbeidsmiljøundersøking o.l.	Delvis utført. Held fram i 2021
	Strategisk arbeid knytt til organisering. T.d. branndokumentasjon, samarbeidsavtale m.m.	Delvis utført. Held fram i 2021
	Implementere digitale plattformer for løn for tilsette	Ikkje utført
Kompetanse	Relevant kompetanseheving innan avdelinga sitt ansvarsområde	Utført, men avgrensa pga. Corona pandemi
	Delta på intern opplæring av kommunale styringssystemer i regi av Øygarden kommune.	Utført
HMSK	Gjennomføring av internrevisjon og leiinga si gjennomgong	Utført
	Vernerunder	Ikkje utført, men mykje arbeid etter tilsyn frå Arbeidstilsyn
	Forvaltar system for handtering av uønska hendingar og avvik (RUHA-meldingar)	Utført
Spesielle oppgåver i 2020	Større gjennomgong av stillings- og funksjonsomtalar, reglement og retningsliner for å samkøyre dei med Øygarden kommune sine tilsvarande dokument.	Delvis utført. Held fram i 2021
	Implementere ny programvare for avvikshandtering, ressursstyring, saksbehandling og arkiv	Delvis teken i bruk

## 5.5 Beredskapsavdeling

Beredskapsavdelinga har m.a. ansvar for vaktberedskap, opplæring av beredskapspersonell, forvaltning og innkjøp av materiell og utstyr m.m.

### Utrykkingar og oppdrag


I 2020 var antal utrykkingar og oppdrag i hovudsak litt under normale

variasjonar i periodar på året. Fleire nabobrannvern rapporterer det same. Samfunnsnedstenging er truleg grunn. Vi vil også for 2020 trekkje fram helse- og redningsrelaterte oppdrag, som no i mange år har hatt ein jamn stigning i antal oppdrag. Det er vidareført øving og trening for å sikre god kompetanse på akutthjelpertenesta vår, og det har vore eit godt samarbeid med kommunelegen og Norsk luftambulans i den samanheng. Vår tenesteyting med slike oppdrag aukar framleis i omfang, og mannskapa våre gjer ein flott innsats innafor denne innsatskategorien. I 2020 har vi fleire dokumenterte livreddande innsatsar. Over tid ser vi ein viss dreining av oppdragstype til å handle om ikkje-brannrelaterte innsatsar. Sæleg gjeld dette opp mot helserelaterte oppgåver. Det vart i 2020 etablert eit enda tettare samarbeid mellom kommunal beredskap og beredskapsavdelinga i brann og redningsetaten, noko som visar seg nyttig i einskilde hendingar. Etter forliset til KNM «Helge Ingstad» var det også i 2020 eit sommarjobbprosjekt med ungdommar i sving med å reinske isopor og anna avfall frå strendene i området rundt der båten forliste.

### Covid-19

Pandemien har påverka oss i beredskapsavdelinga på godt og vondt. Smitteverntiltak har sett begrensingar på opplæring og øving. Vi har ikkje opplevd utstrekkt påverknad av tap av mannskapstilgang eller tap av beredskapsyting, som følgje av pandemien, men det har vore noko press periodevis som følgje av karantenar og anbefalte eigenmeldingar. Mannskapa gjennomførte 13. april ein kortesje gjennom storparten av kommunen. Dette vart ein stor suksess. Planlagt og gjennomført på 3 dagar, og oppmøte av fleire tusen langs kortesjeløypa. Frå kommunen fekk vi deretter oppdraget med å leia eit liknande opplegg, som alternativ 17. mai-feiring. Dette vart og ein fin folkefest med fokus på moro og positivitet innafor smittevernramme vi måtta forhalde oss til.

OPPDRAG 2020 ØYGARDEN KOMMUNE



Figuren viser oppdrag i Øygarden kommune sortert etter hovedkategoriar definert i BRIS  
Kjelde: Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap, DSB



17. mai. Nokre av bilane og tilsette, før kortesje, samla ved Ågotnes brannstasjon. Også industrivernet ved CCB og Kollsnes var med. I tillegg var det bilar og personell frå Skogsskiftet brannstasjon. Bilete: Geir Jensen, utrykkingsleiar, ØBR

## Bemanning

Avdelinga har ansvar for beredskapspersonell i brannstasjonane Dalsneset, Skogsskiftet og Ågotnes. I tillegg kjem ansvar for depotstyrken til Kystverket lokalisert til eigne lokalar på Mongstad-base. Vaktberedskapen vart auka i typiske ferie/fritidsperiodar, som jul, nyttår og påske, samt i sommarferieperioden. 2020 har vore prega av fleire kortare og lengre permisjonar, hovudsakleg pappapermisjonar, og nokon pga. helse. Det vart rekruttert to nye konstablar for avgangar i 2019 og to konstablar vart engasjert i langtids vikariat, som erstatning for permisjonar og sjukemeldingar. Ein konstabel slutta i løpet av 2020.

## Opplæring/kurs/seminar

Det har vore internopplæring, og Norges brannskole sitt nettkurs for nyttilsette. Tre nye mannskap har teke kl. C sertifikat. Vi starta eit samarbeid med eit nabobrannvern for å få til utrykkingsleiaropplæring for sju konstablar, som skal fullførast i 2021. Dette vil støtte det løpande behovet for noko tid. Internopplæring og øving har ikkje kunna vorte gjennomført fullt ut pga Covid-19-tiltak.

## Utstyr og materiell

I desember 2019 vart det inngått kontrakt på levering av to mannskapsbilar og to tankbilar, og til tross for pandemien, vart disse levert seint hausten 2020. Stasjonane Dalsneset og Skogsskiftet fekk dermed erstatta sine gamle kjøretøy med flotte moderne bilar. Ein mannskapsbil og to tankbilar, gjekk som innbyte. Det vart også kjøpt inn nytt frigjeringsverktøy, ein del nytt brannkle, redningskjeledressar og moderne eldrivne røykvifter. Alt dette gjev oss eit løft m.o.p. utstyr og materiell



Ein fornøyd Bjørnis ved sidan av ein av dei nye mannskapsbilane.

## Stasjonar

Det vart i 2020 slutført teikning og prosjektering av eit bygg like sør for Skogsskiftet. Mellom anna inneheld dette bygget ein ny brannstasjon, som erstatning for dagens stasjon som vil verta fjerna i samband med sentrumsutviklinga i Skogsskiftet. Våre nye lokalar vil mellom anna innehalde eit vaskeri, som er tenkt også å vaske tøy og utstyr frå dei andre to stasjonane våre. Stasjonane Dalsneset og Ågotnes må også gjerast noko med, ref. rapport frå Arbeidstisynet, og planarbeidet for dette er starta opp.

## Oljeverndepot

Etter at depotet vart flytta har vi fått eit meir perifert forhold til det som skjer, men mannskap er framleis tilsette hjå oss. Vi har starta ein dialog med Kystverket, som også vart omorganisert, kring dette samarbeidet.

## Beredskapssituasjonen

Vi har ansvar for beredskapen i Øygarden kommune, men kjøper sjølve utrykkingsdelen for eit nærare avtalt område i Øygarden aust frå Bergen kommune v/Bergen Brannvesen. Sentrumsutvikling, samanveksing av tettstader og trafikkbilete går i retning av ein meir bymessig struktur i den midtre og austre delen av kommunen. Vedteken branndokumentasjon peiker på eit behov for å styrke beredskapen innafør dette området.

Branndokumentasjonen frå 2017 heimlar fleire endringar i beredskapsorganiseringa, mellom anna styrking av vaktberedskapen ved både Skogsskiftet og Ågotnes brannstasjonar. Vi har vore klar til å starte dette arbeidet, men pga manglande økonomidekning har vi heller ikkje i 2020 fått auke beredskapen ved desse stasjonane.

## Måloppnåing verksemdsplan 2020

Ein del tiltak har vore vanskeleg å nå pga. Coronapandemien. T.d.ein del øvingsaktivitet har vort vanskeleg eller umogleg å få gjennomført pga. Covid-19 smitta. Det store bilete viser likevel rimeleg bra måloppnåing.

Inndeling	Mål for 2020 - beredskapsavdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide for at avdelinga har den kompetanse, utstyr og ressursar, som trengst for å løyse oppgåvene avdelinga er tillagt.	Vidareførast inn i 2021
Sentrale oppgåver	Gjennomføre opplæring og øving i høve til lov- og forskriftskrav og vedtekne planar planar, samt dokumentere dette på ein etterretteleg måte	Pga Covid19 vart ein del av planlagt aktivitet ikkje utført og utsett til 2021
	Arbeid saman med kommunen, for å få eit betre system på samhandling med kommunen der det er aksjonar som går til kommunale eigedomar.	Delvis utført. Held fram i 2021
	Arbeide for å sikre trygge og sunne arbeidsforhold for mannskap	Utført. Viderført 2021
	Arbeide vidare med implementering av brann-dokumentasjonen (kjøretøy og vaktordning)	Dalsneset og Skogsskiftet nye bilar + noko utstyr OK
	Arbeide med vidareutvikling av samarbeidet i Vest brann- og redningsregion, og andre lokale beredskapsaktørar, for å utnytte synergjar og kapasitetar på ein god og formålstenleg måte.	Starta. Held fram i 2021
	Ha fokus på HMS m.a. ved aktiv bruk av prosedyreverk og øving/opplæring	Starta. Held fram i 2021
	Søkje avklaring om oppgradering av eksisterande Dalsneset brannstasjon ev. vurdere relokasjon	Kontakta kommunen
	Ta i bruk formålstenleg verktøy for planlegging og gjennomføring av vakter.	Ikkje aktuelt
	Vidareutvikle utrykkingsleiarrolla m.o.t. leiarfunksjon	Utført med oppstart av prosess. Held fram i 2021
	Vurdere endringar i vaktoppsett for å sikre betre kontinuitet i vaktutføring for den enkelte	Utført, men held fram i 2021
	Redusere bruken av ekstravakter	Ikkje utført med synlig resultat. Held fram i 2021
	Byggje lagfølelse i, og mellom, stasjonane	Delvis utført. Held fram i 2021
	Arbeide for å få etablert ein vikarpool/aspirant-korps	Ikkje aktuelt
Kompetanse	Sikre at personell har formell og reell kompetanse til å utføre dei oppgåver ØBR vert stilt overfor	Delvis utført. Held fram i 2021
	Revidere øvingsplan	Utført
HMSK	Gjennomføre årssamtalar heiltid og deltid iht. plan. (1/3 av deltidsstyrken gjennomført)	I hovudsak utført
	Bruke prosedyrar inn mot øvingar og opplæring	Delvis utført. Held fram i 2021
Spesielle oppgåver i 2020	Gjennomføre utskifting av mannskaps- og tankbilar til stasjonane Dalsneset og Skogsskiftet i høve til vedteke investeringsbudsjett.	Utført
	Følgje opp arbeid med ny brannstasjon i Skogsskiftet	Utført. Held fram i 2021

## 5.6 Førebyggjande avdeling

Førebyggjande avdeling sin aktivitet kan delast inn i følgjande hovudoppgåver, feiing og tilsyn med fyringsanlegg, tilsyn med særskilte brannobjekt og anlegg med farlig stoff m.m., og andre tiltak mot brann. Koronapandemien og iverksette smitteverntiltak har medført avlysing, utsetting og endra innhald på fleire av aktivitetane ved avdelinga. I ein lengre periode på våren vart all utadretta verksemd innstillt, som følgje av pandemien. Seinare har vi stort sett gjennomført våre oppgaver med naudsynte smitteverntiltak.

### Feiing og tilsyn

Det er varsla 3 057 tilsyn på fyringsanlegg og 4 048 feiingar i 2020. Av desse er om lag 2 131 tilsyn og 1 902 feiingar utført. Dette utgjer ein treffprosent på om lag 70 %. Feiarlærningen vår fullførte lærlingetida si, besto sveineprøva og fekk sveinebrev som feiar i sommar.

### Tilsyn med særskilte brannobjekt

Avdelinga har gjennomført 91 tilsyn av 99 planlagde for 2020. Ein del tilsyn vart avlyst, som følgje av pandemien. Talet på tilsyn i særskilte brannobjekt er vesentleg redusert samanlikna med tidlegare år for å prioritere tiltak på områder med høgare risiko.

### Tilsyn med fyrverkeriutsal

Det vart gjennomført tilsyn med alle 14 utsal av fyrverkeri salsdagane 30. og 31. desember.

### Andre tiltak mot brann

På bakgrunn av risikovurdering har vi definert følgjande fem satsingsområder; barn og unge, befolkninga generelt, heimebuande eldre, personar med rusutfordringar og flyktningar. Dei tre sistnemnde er rekna for å ha større sannsynlegheit for å omkomme eller bli skadd i brann enn befolkninga elles. Andre område avdekka i risikovurderinga er forsamlingslokale og bustadblokker. Følgjande førebyggjande tiltak er sett i verk for dei ulike områda.

#### Barn og unge

Førskulegrupper i alle barnehagar er velkommen på besøk på våre brannstasjonar. Her får dei møte Bjørnis, køyre ein tur med brannbilen, sjå og prøve utstyr, samt høyre om brannførebygging i heimen. I 2020 rakk kun 110 barn å kome på besøk før pandemien. Sidan mars 2020 har vi ikkje tatt imot barnehagar på brannstasjonane. Som eit «plaster på såret» fekk alle barnehagar besøk av brannbilar, dette i samarbeid med beredskapsavdelinga.

Vi fekk gjennomført brannvernundervisning av 3. og 9. klassar, mens 6. klasseundervisninga måtte utgå. Dei har fått tilbod om å ta undervisninga i 2021 når dei går i 7. klasse. 3. klassane utnemner vi til 110-agentar, og dei får i oppgåve og sjekke ut branntryggleiken heime i bustaden sin. 6. og 9. klassar får teoriundervisning samt praktiske sløkkjeøvingar. Til saman har 990 elever i 3. og 9. klasse delteke i brannvernundervisninga.

#### Befolkninga generelt

Vi gjennomfører kvart år fleire brannførebyggjande kampanjer med stand og annan oppsøkande aktivitet. Av smittevern hensyn vart Brannvernuka, Hyttekampanjen og Aksjon boligbrann gjennomført digitalt i 2020. Det vart lagt ut brannverninformasjon og konkurransar på facebook og nettsida vår. Open brannstasjon, som er ein del av Brannvernuka, vart avlyst, som følgje av pandemien. I sommar besøkte vi to campingplassar i kommunen. Vi kontakta bebuare på campingplassen med informasjon om korleis ein kan sikre seg mot brann i campingvogna/campingbilen. Aksjonen avdekte eit stort behov for informasjonsarbeid retta mot campingvogn-/bil eigarar.



Bjørnis med premiar til julekonkurransane

I desember skjer det normalt fleire brannar enn elles i året. For å sette fokus på brannvern i denne tida, arrangerte vi julekonkurransar med branntema for barn og vaksne på nettsida vår.



### Heimebuande eldre

I samarbeid med kommunalsjefområde helse og velferd, gjennomfører brannvernet heimebesøk hos personar som får innvilga tryggleiksalarm. Vi snakkar med bebuaren om brannvern og monterer røykvarslarar som koplust mot tryggleiksalarmen. Vi tilbyr og heimebesøk til alle som fyller 75 år i løpet av året. Her snakkar vi om branntryggleik, og monterer opp komfyrvakt og/eller røykvarslar etter behov.

### Flyktingar

I samarbeid med flyktingtenesta gjennomfører vi teoretisk og praktisk brannvern-opplæring av alle flyktingar i kommunen sitt introduksjonsprogram. 15 flyktingar fekk slik opplæring i sommar på Ågotnes brannstasjon. Vi hadde og ein eigen brannvern-opplæring for 7 einslege mindreårige flyktingar i sommar. Det er vidare gjennomført 3 heimebesøk i utvalde bustader for flyktingar i 2020.



Brannvernopplæring for einslege mindreårige flyktingar

### Personar med rusutfordringar

Vi har ikkje iverksett tiltak for denne gruppa endå. Her jobbar vi saman med andre brannvern i Vest brann og redningsregion, for å utarbeide gode førebyggjande tiltak og materiell for denne gruppa.

### Bustadblokker

Vi besøker styre i ulike i bustadblokker og informerer om brannvern og styrets ansvar for branntryggleiken. I 2020 har vi besøkt 7 bustadblokker.

### Forsamlingslokalar

Vi har kartlagt forsamlingslokalar i kommunen og gjennomfører synfaring for å bidra til å betre branntryggleiken på desse lokala. I 2020 har vi besøkt 12 forsamlingslokale.

### **Sal av kurs**

Avdelinga tilbyr brannvernkurs og førstehjelpkurs. Etterspørselen på kurs har vore god i 2020, men mange kurs har blitt avlyst grunna Koronapandemien.

### **Burn Camp**



Bilete frå Burn Camp, ØBR



I sommar arrangerte vi ein dag på Ågotnes brannstasjon for Burn Camp. Burn Camp er ein leir for brannskadde personar, som vert arrangert av Norsk forening for brannskadde. Deltakarane fekk slukke brann med skumapparat og brannteppe, omvising på brannstasjonen og ein båttur med brannbåten. Dagen vart avslutta med grilling.

### **HMS**

Avdelinga har utarbeida ei risikoanalyse om soteksponering på feiarane. Analysa avdekkja forbetringspotensiale på fleire område, som til dømes skilje mellom rein og skitten sone i køyretøya og garderobeanlegget ved Ågotnes brannstasjon. Arbeidstilsynet gav på tilsyn avvik på dei same forholda. Tiltak for å utbetre forholda er under planlegging.

### Måloppnåing verksemdsplan 2020

Ein del tiltak har vore vanskeleg å nå pga. Coronapandemien, og utfordringar med etablering av KF'et og administrative funksjonar i Øygarden kommune. Sørleg trekk vi fram at utøving av ein del kursaktivitet har vore vanskeleg eller umogleg å gjennomført pga. Covi-19 smitta. Det store bilete viser likevel rimeleg bra måloppnåing.

Inndeling	Mål for 2020 – førebyggjande avdeling	Måloppnåing
Hovudmål	Arbeide aktivt for å førebygge brann og andre akutte ulykker.	Utført
Sentrale oppgåver	Vidareføre tilbod om brannvernopplæring til 3.- 6.- og 9.-klassar samt førskulegruppene i barnehagane.	Fullført. 6. kl. utsatt til 2021
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak for flykningar og heimebuande eldre	Utført
	Starte opp brannførebyggjande tiltak retta mot personar med rusproblem.	Utsatt til 2021.
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot bustadblokkar/sameige.	Utført
	Vidareføre brannførebyggjande tiltak retta mot forsamlingslokalar.	Utført
	Gjennomføre tilsyn med særskilte brannobjekt iht. plan	Utført
	Gjennomføre tilsyn med anlegg med farlig stoff iht. plan.	Delvis utført. Noe utsatt til 2021
	Saksbehandling av søknader om tillating til sal, oppbevaring og avfyring av fyrverkeri.	Utført
	Delta aktivt i førebyggjande prosjekt gjennom Vest brann- og redningsregion	Utført
	Aktivt bruk av brannbamsen «Bjørnis»	Utført, redusert pga. Covid 19.
	Delta i sentralt initierte brannførebyggjande kampanjar som til dømes <i>Brannvernuka</i> , komfyrvaktkampanjen, røykvarslardagen	Utført, men digitalt pga. Covid 19.
	Gjennomføre feiing og tilsyn med fyringsanlegg nytta til oppvarming av bustader og fritidsbustader.	Utført
	Medverke i Redningsselskapet sin «Førebyggjande seilas»	Ikkje aktuelt
Kompetanse	Fokus på å utvikle ansatte sin kompetanse gjennom tildeling av oppgåver, kurs, seminar m.m.	Utført
	Fullføre opplæringsansvaret for lærling.	Utført
HMSK	Gjennomføre årssamtalar iht. plan	Utført
	Innføre tiltak for å auke talet på gjennomførte feiingar og tilsyn med fyringsanlegg.	Utført
	Evaluering av det brannførebyggjande arbeidet på avdelinga.	Utført
	Utarbeide ROS analyse med tema soteksponering	Utført
	Leggje til rette for å rapportere og behandle uønska hendingar innan kvalitet i leverte tenester.	Ikkje utført

## 6.0 Økonomiske oversikter

<b>Økonomisk oversikt</b>				
	<b>Regnskap</b>	<b>Reg. budsjett</b>	<b>Oppr. budsjett</b>	<b>Regnskap i fjor</b>
<b>Driftsinntekter</b>				
1 Rammetilskudd	0,00	0,00	0,00	0,00
2 Inntekts- og formuesskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Eiendomsskatt	0,00	0,00	0,00	0,00
4 Andre skatteinntekter	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	0,00	0,00	0,00	0,00
6 Overføringer og tilskudd fra andre	24.603.308,17	29.015.500,00	29.015.500,00	0,00
7 Brukerbetalinger	0,00	0,00	0,00	0,00
8 Salgs- og leieinntekter	3 771 521,63	376.000,00	376.000,00	0,00
<b>9 Sum driftsinntekter</b>	<b>28 374 829,80</b>	<b>29.391.500,00</b>	<b>29.391.500,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Driftsutgifter</b>				
10 Lønnsutgifter	16.498.166,92	15.629.000,00	15.629.000,00	0,00
11 Sosiale utgifter	3.603.781,50	4.059.000,00	4.059.000,00	0,00
12 Kjøp av varer og tjenester	9.194.029,08	9.181.500,00	8.706.500,00	0,00
13 Overføringer og tilskudd til andre	1.459.048,43	1.187.000,00	1.187.000,00	0,00
14 Avskrivninger	887.123,00	834.000,00	834.000,00	0,00
<b>15 Sum driftsutgifter</b>	<b>31.642.148,93</b>	<b>30.890.500,00</b>	<b>30.415.500,00</b>	<b>0,00</b>
<b>16 Brutto driftsresultat</b>	<b>- 3 267 319,13</b>	<b>-1.499.000,00</b>	<b>-1.024.000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Finansinntekter</b>				
17 Renteinntekter	49.727,58	90.000,00	90.000,00	0,00
18 Utbytter	0,00	0,00	0,00	0,00
19 Gevinster og tap på finansielle omløpsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
20 Renteutgifter	71.266,00	50.000,00	50.000,00	0,00
21 Avdrag på lån	352.500,00	500.000,00	500.000,00	0,00
<b>22 Netto finansutgifter</b>	<b>-374.038,42</b>	<b>-460.000,00</b>	<b>-460.000,00</b>	<b>0,00</b>
23 Motpost avskrivninger	887.123,00	834.000,00	834.000,00	0,00
<b>24 Netto driftsresultat</b>	<b>- 2 754 234,55</b>	<b>-1.125.000,00</b>	<b>-650.000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Disp. eller dekning av netto driftsresultat</b>				
25 Overføring til investering	0,00	0,00	0,00	0,00
26 Netto avsetninger til eller bruk av bundne driftsfond	0,00	0,00	0,00	0,00
27 Netto avsetninger til eller bruk av disposisjonsfond	1 522 145,56	1.125.000,00	650.000,00	0,00
28 Bruk av tidligere års mindreforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
29 Dekning av tidligere års merforbruk	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>30 Sum disponeringer eller dekning av netto driftsr.</b>	<b>1 522 145,56</b>	<b>1.125.000,00</b>	<b>650.000,00</b>	<b>0,00</b>
31 Fremført til inndekning i senere år (merforbruk)	1 232 088,99	0,00	0,00	0,00



## Økonomisk oversikt

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
<b>Anskaffelse av midler</b>				
Inntekter driftsdel (kontoklasse 1)	28 374 829,00	29.391.500,00	29.391.500,00	0,00
Inntekter investeringsdel (kontoklasse 0)	2.851.685,40	0,00	0,00	0,00
Innbetalinger ved eksterne finanstransaksjoner	10.449.727,58	90.000,00	90.000,00	0,00
<b>Sum anskaffelse av midler</b>	<b>41 676 242,78</b>	<b>29.481.500,00</b>	<b>29.481.500,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Anvendelse av midler</b>				
Utgifter driftsdel (kontoklasse 1)	30.755.025,93	30.056.500,00	29.581.500,00	0,00
Utgifter investeringsdel (kontoklasse 0)	14.258.427,00	0,00	0,00	0,00
Utbetaling ved eksterne finanstransaksjoner	914.929,00	550.000,00	550.000,00	0,00
<b>Sum anvendelse av midler</b>	<b>45.928.381,93</b>	<b>30.606.500,00</b>	<b>30.131.500,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Anskaffelse - anvendelse av midler</b>				
	<b>- 4 252 139,15</b>	<b>-1.125.000,00</b>	<b>-650.000,00</b>	<b>0,00</b>
Endring i ubrukte lånemidler				
	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapspr. som påvirker AK Drift				
	0,00	0,00	0,00	0,00
Endring i regnskapspr. som påvirker AK Inv.				
	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>Endring i arbeidskapital</b>	<b>- 4 252 139,15</b>	<b>-1.125.000,00</b>	<b>-650.000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Avsetninger og bruk av avsetninger</b>				
Avsetninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Bruk av avsetninger	3 020 050,16	1.125.000,00	650.000,00	0,00
Til avsetning senere år	1 232 088,99	0,00	0,00	0,00
<b>Netto avsetninger</b>	<b>- 4 252 139,15</b>	<b>-1.125.000,00</b>	<b>-650.000,00</b>	<b>0,00</b>
<b>Int. overføringer og fordelinger</b>				
Interne inntekter mv	887.123,00	834.000,00	834.000,00	0,00
Interne utgifter mv	887.123,00	834.000,00	834.000,00	0,00
<b>Netto interne overføringer</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>



Ny mannskapsbil og ny tankbil ved Kystmuseet.  
Bilete: Geir Jensen, utrykkingsleiar, ØBR

## Økonomisk oversikt

	Regnskap 2020	Regnskap 2019
<b>EIENDELER</b>		
<b>A. Anleggsmidler</b>	<b>40.236.892,60</b>	<b>0,00</b>
I. Varige driftsmidler	19.843.316,60	0,00
1. Faste eiendommer og anlegg	0,00	0,00
2. Utstyr, maskiner og transportmidler	19.843.316,60	0,00
II. Finansielle anleggsmidler	491.163,00	0,00
1. Aksjer og andeler	491.163,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Utlån	0,00	0,00
III. Immaterielle eiendeler	0,00	0,00
IV. Pensjonsmidler	19.902.413,00	0,00
<b>B. Omløpsmidler</b>	<b>8 348 665,00</b>	<b>0,00</b>
I. Bankinnskudd og kontanter	4.593.382,58	0,00
II. Finansielle omløpsmidler	0,00	0,00
1. Aksjer og andeler	0,00	0,00
2. Obligasjoner	0,00	0,00
3. Sertifikater	0,00	0,00
4. Derivater	0,00	0,00
III. Kortsiktige fordringer	3 755 282,42	0,00
1. Kundefordringer	3 755 282,42	0,00
2. Andre kortsiktige fordringer	0,00	0,00
3. Premieavvik	0,00	0,00
<b>Sum eiendeler</b>	<b>48 585 557,60</b>	<b>0,00</b>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>C. Egenkapital</b>	<b>3 973 826,28</b>	<b>0,00</b>
I. Egenkapital drift	-1 232 088,99	0,00
1. Disposisjonsfond	0	0,00
2. Bundne driftsfond	0	0,00
3. Merforbruk i driftsregnskapet	-1 232 088,99	0,00
4. Mindreforbruk i driftsregnskapet	0,00	0,00
II. Egenkapital investering	842.285,67	0,00
1. Ubundet investeringsfond	842.285,67	0,00
2. Bundne investeringsfond	0,00	0,00
3. Udekket beløp i investeringsregnskapet	0,00	0,00
III. Annen egenkapital	4.363.628,60	0,00
1. Kapitalkonto	4.363.628,60	0,00
2. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen drift	0,00	0,00
3. Prinsippendringer som påvirker arbeidskapitalen investering	0,00	0,00
<b>D. Langsiktig gjeld</b>	<b>35.873.264,00</b>	<b>0,00</b>
I. Lån	10.047.500,00	0,00
1. Gjeld til kredittinstitusjoner	10.047.500,00	0,00
2. Obligasjonslån	0,00	0,00
3. Sertifikatlån	0,00	0,00
II. Pensjonsforpliktelse	25.825.764,00	0,0
<b>E. Kortsiktig gjeld</b>	<b>8 738 468,32</b>	<b>0,00</b>
I. Kortsiktig gjeld	8 738 468,32	0,00
1. Leverandørgjeld	0,00	0,00
2. Likviditetslån	0,00	0,00
3. Derivater	0,00	0,00
4. Annen kortsiktig gjeld	8 604 221,32	0,00
5. Premieavvik	134.247,00	0,00
<b>Sum egenkapital og gjeld</b>	<b>48 585 557,60</b>	<b>0,00</b>
<b>F. Memoriakonti</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
I. Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
II. Andre memoriakonti	0,00	0,00
III. Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00



Økonomisk oversikt

Bevilgningsoversikt - invest. (regnskap)	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
1 Investeringer i varige driftsmidler	14.258.427,00	0,00	0,00	0,00
2 Tilskudd til andres investeringer	0,00	0,00	0,00	0,00
3 Investeringer i aksjer og andeler i selskaper	491.163,00	0,00	0,00	0,00
4 Utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	0,00
5 Avdrag på lån	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>6 Sum investeringsutgifter</b>	<b>14.749.590,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
7 Kompensasjon for merverdiavgift	2.851.685,40	0,00	0,00	0,00
8 Tilskudd fra andre	0,00	0,00	0,00	0,00
9 Salg av varige driftsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
10 Salg av finansielle anleggsmidler	0,00	0,00	0,00	0,00
11 Utdeling fra selskaper	0,00	0,00	0,00	0,00
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midler	0,00	0,00	0,00	0,00
13 Bruk av lån	10.400.000,00	0,00	0,00	0,00
<b>14 Sum investeringsinntekter</b>	<b>13.251.685,40</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
15 Videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
16 Bruk av lån til videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
17 Avdrag på lån til videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
18 Mottatte avdrag på videreutlån	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>19 Netto utgifter videreutlån</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
20 Overføring fra drift	0,00	0,00	0,00	0,00
21 Netto avsetninger til eller bruk av bundne investeringsfo	0,00	0,00	0,00	0,00
22 Netto avsetninger til eller bruk av ubundet investeringsf	1.497.904,60	0,00	0,00	0,00
23 Dekning av tidligere års udekket beløp	0,00	0,00	0,00	0,00
<b>24 Sum overføring fra drift og netto avsetninger</b>	<b>1.497.904,60</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>	<b>0,00</b>
25 Fremført til inndekning i senere år(udekket beløp)	0,00	0,00	0,00	0,00


For Øygarden brann og redning KF  
22.05.2021



Per Rune Eikeseth  
styreleiar



Bjørn Olav Paulsen  
dagleg leiar/  
brann- og redningssjef



[www.oybr.no](http://www.oybr.no)